



Tømmerlageret på Børnes akkurat no. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På Børnes er eit nokså stort tømmerlager no klart for utskipping, men samla sett har det vore ein relativt låg aktivitet i skogen så langt i år i dei store skogkommunane Voss, Kvinnherad og Ullensvang.

I første halvår vart det hogd nesten 50.000 kubikkmeter i fylket, til ein verdi av nærare 13 millionar. Hogsten har vore noko mindre enn i fjor, men likevel er dette eit positivt resultat med bakgrunn i at det har vore innkjøpsstopp i fleire periodar.

Lindås ligg no desisert først i statistikken med nesten 16.000 kubikkmeter.

Kvinnherad er heilt nede på sjuandeplassen med berre 2.371 kubikkmeter.

Vår kommune plar liggja svært mykje høgre. Til dømes toppa Kvinnherad avvirkingstoppen i 2007 med 8.650 kubikkmeter og mykje av tømmeret gjekk over Børnes-kaien.

Av Ola Matti Mathisen